



Anita Brekke

Vår referanse
25/3239 25/15583

Din referanse

Sakshandsamar
Per Ivar Kongsvik

Dato
14.09.2025

Vedtekter for skulefritidsordninga - revidering

Høyringsnotat

Bakgrunn for saka

Volda kommune brukar meir pengar enn det kommunen har i inntekter. I dei komande fire åra må kommunen frigjere 50 millionar kroner over drifta for å kunne ha ein sjølvberande økonomi. Sjølv om det vert gjort omfattande tiltak for å redusere drifta, vil Volda kommune sine sparepengar (disposisjonsfond) verte tomt i 2027. Fondet er halvert på to år.

I samband med handsaminga av budsjettet i fjor haust vedtok kommunestyret eit innsparings-/omstillingsprogram på 40 millionar kroner. Kommunestyret vedtok å redusere SFO-utgiftene med 2 millionar kroner i 2025 med ei opptapping til 4 millionar kroner for åra vidare. Tiltaket vart forklart slikt i budsjett- og økonomiplandokumentet for 2025 – 2028:

Grunna stor auke i talet på barn i skulefritidsordningane i kommunen, har behovet for personale auka monaleg. Personalkostnaden har auka langt meir enn inntektene.

Skal ein redusere personalbehovet, må talet på barn i ordninga reduserast. Det tyder at det må setjast ei grense for kor mange barn vi samla sett kan ta inn kvart skuleår. Vedtektene må truleg endrast. Sak om dette og praktisk gjennomføring av tiltaket vert å kome attende til i eiga sak.

Dette er bakgrunnen for at forslag til endring av vedtektene vert sendt ut på høyring.

Kommunane er pliktig til å ha ei skulefritidsordning, men denne plikta er avgrensa til at kommunen har eit slikt tilbod ved ein av skulane. Det er ikkje noko plikt å tilby denne ordninga ved alle barneskulane.

Dersom kommunen skal redusere utgiftene med skulefritidsordninga, må det innebære ei endring i tilbodet, og at ordninga må verte mindre fleksibel. Dersom ein ikkje lykkast med dette, så må dei 4 millionane hentast ved reduksjon i andre tenester i kommunen. Kommunedirektøren har uttrykt at ansvaret for å reetablere ein sjølvberande kommuneøkonomi vil vere ein felles dugnad mellom politikarane, administrasjonen og innbyggjarane.

Det er forståeleg at innbyggjarane primært ynskjer å halde på dei ordningane ein har i dag. Samtidig må innbyggjarane akseptere omstilling for at kommunen sin økonomi skal strekke til for å løyse kjerneoppgåvene for innbyggjarane.

Historikk

I samband med kommunesamanslåinga i 2020, var det naudsynt å revidere vedtektene for skulefritidsordninga (SFO) i nye Volda kommune. Nye vedtekter vart vedteke av kommunestyret 04.02.2020.

Siste avsnitt i § 9 i vedtektene hadde følgjande ordlyd:

Skulefritidsordninga skal vere sjølvfinansierande, med mindre det er løyvd eigne midlar til skulefritidsordningane i kommunen sitt budsjett. Det må difor vere minst seks påmeldte pr. plasstype for å kunne gi tilbod om skulefritidsordning.

Skulefritidsordningane tilbyr tre ulike plasstypar:

- 1) 5 dagar pr. veke*
- 2) 3 dagar pr. veke*
- 3) 3 dagar pr. veke + 2 dagar morgontilbod pr. veke*

Etter at søknadsfristen gjekk ut 1. april, viste det seg at det ved Hornindal skule var fem påmelde på kvart av tilboda. Etter vedtektene var det ein for lite på alle tilboda til å kunne gje eit tilbod. Dette kom det reaksjonar på, og formannskapet ba om ei orientering om saka. I møte 19.05.2020 gjorde formannskapet følgjande vedtak:

Formannskapet ber om å få ei sak med revurdering av vedtektene §9, siste avsnitt. I samband med opptak for skuleåret 2020/21 vert administrasjonen bedt om å praktisere vedtektene fleksibelt innanfor tilgjengeleg bemanningsramme / budsjetttramme

Saka vart på nytt lagt fram for kommunestyret 24.03.21, som fatta følgjande vedtak:

1. I vedtektene for skulefritidsordninga i Volda kommune § 9 vert følgjande ordlyd:

Skulefritidsordninga skal vere sjølvfinansierande, med mindre det er løyvd eigne midlar til skulefritidsordningane i kommunen sitt budsjett. De vert gitt tilbod om skulefritidsordning ved alle barneskulane.

2. I vedtektene for skulefritidsordningane i Volda kommune § 12 vert følgjande ordlyd:

I skulefritidsordningane som følgjer skuleåret, betalar foreldra for 10 månader (betalingsfri i juni og juli). Kostpengar kjem i tillegg til den faste betalinga.

3. I vedtektene for skulefritidsordninga i Volda kommune § 10 vert følgjande ordlyd:

Plasstype:

- o 5 dagar pr. veke (inkl. morgon og ettermiddag)*
- o 4 dagar pr. veke (inkl. morgon og ettermiddag)*
- o 3 dagar pr. veke (inkl. morgon og ettermiddag)*
- o 3 dagar pr. veke (inkl. morgon og ettermiddag) + 2 dagar med morgon SFO pr. veke*

4. Vedtekter for SFO i Volda kommune skal reviderast i forkant av søknadsfrist for SFO for skuleåret 22/23. Saksutgreiinga til handsaming må innehalde

a) tal på elevar på skulane og dei ulike vala, samt kostnadsdrivarar

b) at brukarane kan velje fritt mellom morgonøkter og ettermiddagsøkter

c) prisen pr økt skal vere lik mellom dei ulike ordningane og vere basert på relativ andel av pris på full plass.

I arbeidet med revidering skal leiar i TOK, representant frå dei tilsette i SFO og representant frå FAU vere representert.

Ny sak vart førebudd, der leiar i TOK, representant for dei tilsette og representant frå FAU var involvert i forarbeidet til saksframlegget.

Nye vedtekter vart vedteke av kommunestyret 28.04.2022. Desse er framleis gjeldande.

Volda kommune	www.volda.kommune.no	Sentralbord:	70 05 87 00
Stormyra 2	postmottak@volda.kommune.no	Org. nr:	939 760 946
6100 Volda		Kontonr:	3991.07.81727

Utan tiltak kjem Volda kommune i ROBEK

Drifta av Volda kommune kostar meir enn det kommunen har i inntekter. Kommunen må difor bruke av oppsparte midlar (disposisjonsfondet) for å kome i balanse. Sjølv med utgiftsreduserande tiltak vil kommunen sine sparepengar meir eller mindre vere oppbrukt i 2027. Kommunen vil då kome i ROBEK.

ROBEK er eit register over kommunar som er i økonomisk ubalanse eller som har vedteke budsjett eller økonomiplan som ikkje er i balanse. Desse kommunane vert underlagt statleg kontroll. Kommunen vert da underlagt eit statleg regime med ein tidsfrist for å få orden på økonomien, og kan i mindre grad velje korleis ein skal kome i balanse. Det å vere i ROBEK kan få store konsekvensar for kommunen sin handlefridom og utviklingsmogelegheiter.

I økonomiplanen for 2025 – 2029, er det vedteke at ein skal redusere kostnadene i skulefritidsordninga med 2 000 000 kr i 2025, og 4 000 000 kr i 2026. Dette er berre eitt av fleire tiltak som vart vedteke.

Som eitt tiltak, vart prisen for opphald auka med 19 % gjeldande frå 01.01.2025. Administrasjonen vurderer at dette ikkje er tilstrekkeleg til å nå målet om innsparing i 2026, og at kommunestyret må vurdere fleksibiliteten i tilbodet.

Viss dei vedtekne innsparingstiltaka ikkje vert gjennomført, vil kommunen tømme disposisjonsfondet raskare. I kvartalsrapporten som vart lagt fram for formannskapet i mai, peikar kommunedirektøren på at uro i finansmarknaden kombinert med kostnader med nye ressurskrevjande brukarar og barnevernstiltak, gjer at realiteten kan bli annleis:

Disposisjonsfondet	År 2025	År 2026	År 2027	År 2028	År 2029
IB 01.01	104 664 774	62 355 266	46 513 100	3 444 789	-43 062 503
Bruk av disposisjonsfond ØPL 2025-2028	-25 309 508	-8 642 166	-30 868 311	-31 307 292	-31307292
Auka bruk av fondet som følge av redusert avkastning og renteinntekt	-15 000 000				
Auka bruk som følge av nye utfordringar samt risiko innsparingstiltak	-2 000 000	-7 200 000	-12 200 000	-15 200 000	-15 200 000
UB 31.12	62 355 266	46 513 100	3 444 789	-43 062 503	-89 569 795

Sannsynet aukar for at ein allereie hausten 2025 ikkje maktar å legge fram ein økonomiplan for perioden 2026 – 2029 i balanse.

Det er stor avstand mellom lovkravet om skulefritidsordning, og det tilbodet kommunen tilbyr i dag. Som eit minimum skal kommunen etter lova ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for elevar på 1. til 4. årssteg og for elevar med særlege behov på 1. til 7. årssteg. Plikta til å ha eit tilbod inneber ikkje at alle elevar har rett på tilbod om å delta. Kommunen er ikkje forplikta til å opprette eit bestemt tal plassar eller gi tilbod ved meir enn ein av skulane i kommunen. Kommunen er heller ikkje forplikta til å gi tilbod om skulefritidsordning i skuleferiane.

I Volda kommune er det skulefritidsordning ved alle barneskulane, og alle som søker om det får plass. Det er stor variasjon i storleiken på ordningane, frå Dalsfjord skule med 9 elevar til Øyra skule med 174 elevar.

Volda kommune tilbyr også tilbod i skuleferiar. Opplæringsforskrifta pålegg kommunen å gje tilbod om gratis 12 t pr veke også i tilbod som blir gitt i feriar.

Volda kommune har også eit svært fleksibelt plasstilbod. Ein kan velje plass 2, 3, 4 eller 5 dagar pr veke.

Administrasjonen har seks hovudmål i arbeidet med nye vedtekter gjeldande frå 01.08.2026:

1. Vedtekter som tek opp i seg at det er innført 12 t gratis tilbod pr veke
2. Vedtekter som bidreg til auka inntekter/reduuerte kostnader
3. Vedtekter som bidreg til gode og føreseielege arbeidstilhøve for tilsette

Volda kommune	www.volda.kommune.no	Sentralbord:	70 05 87 00
Stormyra 2	postmottak@volda.kommune.no	Org. nr:	939 760 946
6100 Volda		Kontonr:	3991.07.81727

4. Vedtekter som legg til rette for eit trygt og godt tilbod til elevane, som stettar krava i rammeplan for SFO
5. Forenkle både språk og innhald i vedtektene
6. Vedtekter som gir eit likeverdig tilbod ved alle skulane og som kjem i møte elevar og føresette sine behov

Innføring av gratistilbod

Gjeldande frå hausten 2022, vart det innført tilbod om 12 timar gratis SFO pr veke for alle 1. klassingar. Ordninga er no utvida til å gjelde alle elevar i 1. til 3. klasse. Skulefritidsordningane har etter dette fått ein stor auke i talet på barn, noko som påverkar den daglege drifta på fleire måtar.

Oversikta under viser auken i talet på barn i SFO etter at gratistilbodet vart innført:

År	Samla tal 1.-3. steg	Tal 100% plass 1.-3 steg
2021-2022	186	87
2022-2023	226	113
2023-2024	271	164
2024-2025	345	185

Kjelde: GSI

Den store auken har gitt nokre av skulane store utfordringar. Areala som er sett av til SFO ved nokre av skulane er ikkje dimensjonert for den store auken i talet barn.

Ved Øyra skule vart servering av mat til så mange barn for krevjande, og ein har gått over til matpakke.

Den store auken i talet barn utløyser også behov for auke i talet på tilsette. Oftast kan ein berre tilby 30 % - 50 % stillingar, noko som ikkje bidreg til stabilitet i personalgruppa. Mindre stabilitet gjer det også vanskeleg å utføre aktivitetar i tråd med rammeplanen for SFO.

Økonomi

Sidan 2021 har utgiftene knytt til SFO auke mykje i Volda og nabokommunane.

	Netto driftsutgifter (1000 kr)			
	2021	2022	2023	2024
1511 Vanylven				
215 Skolefritidstilbud	-423	930	1 545	1 665
1514 Sande				
215 Skolefritidstilbud	618	884	1 323	1 527
1515 Herøy (Møre og Romsdal)				
215 Skolefritidstilbud	991	1 788	3 975	5 021
1516 Ulstein				
215 Skolefritidstilbud	2 102	2 973	4 837	6 156
1517 Hareid				
215 Skolefritidstilbud	1 066	1 707	3 015	4 592
1520 Ørsta				
215 Skolefritidstilbud	2 003	3 281	7 011	9 462
1577 Volda				
215 Skolefritidstilbud	1 420	2 634	5 474	7 741

Kjelde: Kostra

Denne auken set administrasjonen i direkte sammenheng med innføring av gratistilbud til 1.-3. klassingar. Ein har måtte auke talet på tilsette, og ein har måtte auke ressursen til å administrere ordningane.

Gjeldande vedtekter tek ikkje opp i seg gratistilbudet. Det gjer at dei 12 gratis timane pr veke i praksis no er spreidde i heile opningstida, noko som er til hinder for god og rasjonell bruk av personalressursane.

I tillegg til gratistilbudet er det nasjonale ordningar for moderasjon. Ingen hushald betalar meir enn 6 % av inntekta si for ein plass i SFO for barn på 1.- 4. årssteg.

Utover nasjonale ordningar kan kommunane fritt tilby andre moderasjonsordningar. I Volda kommune er det 30 % syskenmoderasjon for barn nr to, og 50 % moderasjon for barn nr tre. Dette er ikkje ein lovpålagt moderasjon, og det er ikkje alle kommunar som har slik syskenmoderasjon.

Gjeldande vedtekter er svært fleksible med tanke på plasstilbud, og dette gjer det krevjande å disponere personalressursen på ein økonomisk formålstenleg måte. Dette sidan talet barn fordelt på dei ulike dagane og til ulike tider varierer i større grad.

Andre kommunar har hatt stor auke i utgiftene knytt til SFO, og vurderer på same måte som Volda å gjere endringar i tilbudet gjennom endring i vedtektene.

Vedtekter i andre kommunar

Vanylven kommune – gjeldande frå 10.09.24

Det ordinære SFO-tilbudet er ope i 190 dagar, følgjer skuleåret.

Det er tre plasstilbud:

- ✓ 0-12 timar
- ✓ 12-18 timar
- ✓ Over 18 timar

Det er krav om minst seks påmelde for at det skal bli gitt tilbud ved den enkelte skule. SFO er stengt i juli. Vanylven har 20 % syskenmoderasjon for barn nr to.

Ørsta kommune

Ørsta kommune arbeider parallelt med Volda med revidering av sine vedtekter. Administrasjonen i Ørsta vil legge fram forslag om same plasstilbud som administrasjonen i Volda kommune legg fram.

Ulstein kommune – gjeldande frå 01.08.25

Ulstein kommune reviderte sine vedtekter i mai 2025. Ulstein har tre plassalternativ:

1. Full plass
2. Deltidsplass 12 t pr veke
3. Gratis 12 t pr veke for 1.-3. klasse etter skuletid.

I utgangspunktet er SFO ope i 38 skuleveker, men det er eit ferietilbud ut juni månad og i august før skulestart. Ulstein har 25 % syskenmoderasjon for barn nr to og evt fleire barn frå same heim.

Hareid kommune – gjeldande frå 01.03.25

I Hareid kommune er det to plasstilbud:

1. Heil plass 24 timar pr veke
2. Delt plass 12 timar pr veke. Det siste tilbudet er berre etter skuletid.

Tilbudet fyl skuleruta, og har ikkje tilbud i feriar og elevfrie dagar. Hareid har 30 % syskenmoderasjon for barn nr to og 50 % for barn nr tre og fleire.

Herøy kommune – gjeldande frå 01.08.25

Herøy har to plassalternativ:

1. Inntil 12 timar pr veke

Volda kommune	www.volda.kommune.no	Sentralbord:	70 05 87 00
Stormyra 2	postmottak@volda.kommune.no	Org. nr:	939 760 946
6100 Volda		Kontonr:	3991.07.81727

2. Full plass

SFO kan ha tilbod om morgonen før skuletid, men eit slikt tilbod må vegast opp mot ressursar i det totale tilbodet. Herøy har 25 % syskenmoderasjon for barn nr to og evt fleire barn frå same heim.

Sande kommune – gjeldande frå 01.08.24

SFO følgjer skuleruta (190 dagar).

Sande har fire plasstilbod:

1. Inntil 8 timar pr veke
2. 9-12 timar pr veke
3. 13-15 timar pr veke
4. 16-20 timar pr veke

Det vert gitt syskenmoderasjon med 30 % for barn nr. 2, og 50 % for barn nr. 3. Det vert ikkje gitt syskenmoderasjon mellom SFO og barnehage.

Administrasjonen sitt framlegg til endringar i vedtektene for skulefritidsordninga

Det vert lagt fram forslag om endringar i vedtektene for SFO for å redusere utgiftene med ordninga. Dette er hovudårsaka. Kommunen må sjå alle tenester under eitt for å ha økonomi til forsvarleg standard innanfor kjerneoppgåvene i skule, helse og omsorg. Sidan staten skal kompensere for utgiftene knytt til gratis 12 t pr veke, er det i tilbodet utover dette ein må søke kostnadsreduksjon. Administrasjonen meiner at dette er eit tenestemråde som kan drivast økonomisk meir rasjonelt og likevel kome meir enn i møte dei lovpålagde pliktene kommunen har knytt til SFO.

Dei gjeldande vedtektene for skulefritidsordninga i Volda kommune er eit resultat av fleire rundar med revidering. Slik administrasjonen vurderer det, er vedtektene ved fleire høve vorte tilpassa ulike ønske og behov, noko som har gjort vedtektene delvis krevjande å forstå. Det er ei ordning for Øyra og Bratteberg skular, og ei anna ordning for andre skular. I tillegg er det lagt opp til eit sommartilbod med krav om eit minstetal påmelde elevane.

Gjeldande vedtekter vart vedteke før ordninga med gratis 12 t pr veke vart innført. Gjeldande vedtekter tek av den grunn ikkje opp i seg denne ordninga på ein god og konkret måte.

Administrasjonen har i arbeidet hatt for auge å forenkle vedtektene. Vidare har ein søkt etter like og likeverdig tilbod ved alle skulane, og vedtekter som bidreg til gode og føreseielege arbeidstilhøve for tilsette og ikkje minst eit godt tilbod for elevane.

For at det skal vere eit likt og likeverdig tilbod ved alle skulane, må ein ta høgde for at SFO ved dei minste skulane blir meir kostnadskreivjande pr barn enn ved dei største skulane. Timetalet elevane har undervisning på det enkelte årssteg kan også variere noko. Størst avvik er det ved Hornindal skule, der dei yngste elevane ikkje har undervisning onsdagane. I framlegget til administrasjonen skil ein likevel ikkje mellom skulane av den grunn. Ved Hornindal skule vil eit barn med heil plass få tilbod om SFO heile den undervisningsfrie dagen.

Det vert på ny understreka at den viktigaste årsaka til å revidere vedtektene er å ramme inn eit tilbod som gir lågare kostnader for kommunen.

Plasstilbod

Som eit minimum skal kommunen oppfylle kravet om å ha ei skulefritidsordning. Administrasjonen vil rå til at det framleis skal vere skulefritidsordning ved alle barneskulane i kommunen.

Administrasjonen vurderer at auka fleksibilitet i plasstilbod aukar kostnadene. I lys av dette vert det tilrådd at kommunen har full plass (5 dagar pr veke) som det einaste ordinære

tilbudet. Dette samsvarar betre med det tilbudet ein har i kommunale barnehagar, og det samsvarar i stor grad med tilbudet i omliggande kommunar.

Framlegget til administrasjonen reduserer fleksibiliteten i tilbudet, men framleis er det eit tilbud som går utover det som er lovpålagt. Kommunen kunne, som Hareid kommune, berre hatt tilbud på skuledagar, men administrasjonen ser at det ville gje mange familiar store utfordringar. Hareid er ROBEK-kommune og vert tvinga til å redusere kraftig i tenestetilbudet. Dersom Volda kommune kjem i ROBEK, kan ein ikkje sjå vekk frå at SFO-tilbudet må ha ei ny vurdering.

Administrasjonen ser ein samanheng mellom auka fleksibilitet og auka kostnader. Sidan kommunestyret har vedteke å redusere kostnadene i ordninga, ser ikkje administrasjonen andre vegar enn å redusere denne fleksibiliteten.

Når ein berre har full plass som tilbud, vurderer administrasjonen at det vil bidra til meir faste og stabile barnegrupper, det vil gjere det meir føreseieleg for dei tilsette, og det vil legge tilhøva betre til rette for effektiv bruk av personaressursen. I [NTNU sin sluttrapport](#) frå evalueringa av dei første åra med [rammeplan i SFO](#) vert det peika på at stabilitet i tilsettgruppa og barnegruppene bidreg til å fremje arbeidet med rammeplanen

Skal ein ha tilbud før skuletid må ein velje full plass. Administrasjonen vurderer at det vil redusere talet på barn før skuletid. Erfaring frå Ulstein kommune viser også dette. Behovet for personale blir samstundes mindre, noko som lettar personallogistikken.

I framlegget til administrasjonen er det også lagt inn følgjande ordlyd i vedtektene:

I dei høve SFO ikkje har plass nok til alle som søker, må det gjerast ei prioritering etter følgjande kriterium:

1. Barn med særlege behov.
2. Barn sin alder (dei yngste får prioritet).

Det tyder at det er dei eldste elevane som ikkje vil få plass viss ein må prioritere. Følgjeleg eig ein plassen berre ut 3. klasse og må søke på nytt i 4. klasse.

På denne måten tek vedtektene høgde for at ein kan kome i den situasjonen at nokre ikkje vil få plass viss arealet avsett til SFO ikkje er stort nok på skulen.

Gratis 12 timar pr veke for 1.-3. klasse

Kommunen skal kome i møte kravet om gratis 12 t pr veke for 1.-3. klasse. Administrasjonen vil rå til at dette gratistilbudet vert lagt etter skuletid, og fordelt på fem dagar pr veke slik den enkelte skule finn økonomisk og organisatorisk mest formålstenleg.

Elevlar i 4. klasse kan også velje dette tilbudet mot å betale 50 % av prisen for heil plass.

Det tyder at dei som har behov for tilbud før skuletid, må velje full plass.

Opningstid

Administrasjonen rår til at skulefritidsordningane held ope kvardagar frå måndag til fredag i perioden 1. august til 30. juni med følgjande unntak:

- Jule- og nyttårsaftan og onsdag før skjærtorsdag
- 5 planleggingsdagar pr år, der 4 fell saman med undervisningspersonalet sine planleggingsdagar før skulestart

På dagar/veker med skulefri kan timane komprimerast, og opningstida vert tilpassa den enkelte skule.

Det blir ikkje gitt tilbod i juli, og det vil:

- i stor grad lette ferieavviklinga
- sikre elevane fire veker samanhengande ferie
- ta vekk behovet for eit eige sommartilbod
- bidra til reduserte kostnader, sidan elevane har rett til 12 t gratis pr veke også i eit sommartilbod

Syskenmoderasjon

Volda kommune har til liks med ein del andre kommunar hatt ordning med syskenmoderasjon i SFO i ei årrekke. I 2024 var det knapt 50 % av dei sentrale kommunane i landet som hadde syskenmoderasjon, medan det var 75 % av dei mellomstore- og distriktskommunane som hadde det same.

Etter 2020 er det innført fleire moderasjonsordningar som lettar foreldre si økonomiske bør knytt til både barnehage og SFO:

- ✓ I 2020 vart det innført inntektsavhengig betaling. Ingen hushald skal betale meir enn 6 % av hushaldet si brutto inntekt for ein plass i SFO.
- ✓ I 2022 vart ordninga med 12 timar gratis pr veke for 1. klasse innført. Ordninga vart utvida til 2. klasse året etter og til 3. klasse året deretter.
- ✓ Gratis SFO for barn med særlege behov i 5.-7. klasse

Makspris i barnehage er vesentleg redusert dei siste åra. Frå 1. august 2025 kostar full plass 1200 kr. I 2021 var maksprisen 3230 kr.

Når det gjeld barnehage er det krav om at kommunane skal ha ei ordning med syskenmoderasjon. Slik er det ikkje for SFO.

I lys av redusert makspris i barnehage og moderasjonsordningar som er innført dei siste åra, vurderer administrasjonen at det er grunn til å stille spørsmål ved om kommunen i tillegg skal ha moderasjonsordningar som ikkje er lovpålagt. Kommunen er i ein situasjon der kostnadene må ned, og ein har ikkje rom til betre ordningar enn det lova sikrar. Administrasjonen rår difor til at det ikkje vert gitt syskenmoderasjon i tillegg til andre moderasjonsordningar.

Samla stettar dette framlegget lovkravet om å ha tilbod om

- ✓ Skulefritidsordning
- ✓ Tilbod om 12 t gratis skulefritidsordning for 1.-3. klasse
- ✓ Tilbod til elevar med særskilde behov i 5.-7. klasse

Tilbodet vert gitt ved alle skulane i kommunen.

Forventa økonomisk innsparing

Mange variablar gjer det mest uråd å kunne legge fram sikre tal på kva innsparing dei tilrådde endringane i vedtektene vil gje. Fleksibiliteten i tilbodet vart stramma noko inn i samband med kommunesamanslåinga i 2020. Resultatet av dette ser ein att i kostratala for 2020 og 2021.

	Netto driftsutgifter (1000 kr)						
	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
1519 Volda (-2019)							
215 Skolefritidstilbud	3 344	4 016	.	.	.	.	.
1577 Volda							
215 Skolefritidstilbud	.	.	2 924	1 420	2 634	5 474	7 741

Administrasjonen meiner dette viser at redusert fleksibilitet i tilbudet vil redusere kostnadene.

I 2022 vart det vedteke nye vedtekter der fleksibiliteten vart auka noko. Dette, men mest av alt innføring av gratis 12 t pr veke, forklarar auken i kostnadene i 2023 og 2024. Syskenmoderasjon og redusert opningstid kan ein talfeste.

Syskenmoderasjon utgjorde om lag 60 000 kr i august måned. Basert på dette, kan ein forvente ei innsparing på kring 660 000 kr pr år ved å ta vekk ordninga med syskenmoderasjon.

Høyringspartar i saka er FAU og SU ved skular med skulefritidsordning. Rektor vert bede om å formidle høyringsnotatet til FAU og SU ved sin skule. Også andre kan kome med innspel i saka.

Frist til å kome med innspel vert sett til 26. oktober 2025. Innspel skal merkast med saksnummer 25/3239

Med helsing

Per Ivar Kongsvik
kommunalsjef

Dokumenter er elektronisk godkjent og har derfor ikkje signatur.

Mottakar
Christine Eikrem
Else Lill Riise
Heidi Øglænd
May Britt Høydal
Roar Magne Seljeset
Tom Erik Bogen

Kapteinsvegen 5 6102 Volda

Vedlegg
Framlegg_til_nye_vedtekter_SFO